

Karina Solheim

«Respekter Grensen!»

Om historia til kulturmiljøet Grensen, oppfatninga av området gjennom tida, og korleis Grensen har blitt påverka av relasjonen til NTNU og Høgskuleparken.

Bacheloroppgåve i Kulturminneforvaltning

Rettleiar: Jon Olav Hove

Mai 2022



Sørveggen til Grensen 15 med Hovudbygningen i bakgrunnen, mai 2022. Fotograf: Fredrik Schille.

Karina Solheim

«Respekter Gensen!»

Om historia til kulturmiljøet Gensen, oppfatninga av området gjennom tida, og korleis Gensen har blitt påverka av relasjonen til NTNU og Høgskuleparken.



Bacheloroppgåve i Kulturminneforvaltning
Rettleiar: Jon Olav Hove
Mai 2022

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske og klassiske studier



Kunnskap for en bedre verden

Forord

Kulturminneforvaltning er eit breitt studie der tema å jobbe med kan variere i stor grad. Tre vanlege kategoriar er likevel forvaltning, formidling og bygningsvern. Denne oppgåva går under bygningsvern. Arbeidet med bacheloroppgåva har vore krevjande. Det var overraskande tungt å jobbe med eit tema som engasjerer meg så mykje, men det har sjølvstøtt også vore svært givande og lærerikt. Eg sit igjen med kunnskap eg vil bære med meg i vidare studiar og arbeidsliv.

Eg vil sei tusen takk for god hjelp til min veileidar Jon Olav Hove. Eg vil rette ei stor takk til Erlend Lund, Fredrik Schille og Tonje Dahlin Sæter ved NTNU Universitetsbiblioteket. Spesielt Fredrik for å ha blitt med på ein av mange «studieturar» til Grensen for å ta bilde til bruk i oppgåva. Tusen takk også til min medstudent Silje Grande Paulsen som bidrog til å gjere hospiteringstida på Dora enda kjekkare. Takk til familie og venner for motivering når arbeidet har vore ekstra tungt. Også tusen takk til min sambuar Tore Mo-Bjørkelund og vår ni månader gamle buhund-kvalp Kompis. Utan sistnemnde ville nok arbeidet med denne oppgåva gått mykje lettare.

Innhald

Forord	2
Kapittel 1: Introduksjon	4
Bakgrunn for tema	4
Tema og problemstilling	5
Hospiteringa	7
Teori	8
Metode	10
Oppbygging av oppgåva	12
Kapittel 2: Eableringa av Grensen	13
Oppstykking av Elgeseter gard	13
Husa i Grensen	15
Kapittel 3: Frå etableringa av NTH til i dag	18
Ny, men for liten høgskule	18
«Et trist syn!»	21
Siktlinja	22
Saneringsvedtak	24
Frå riving til bevaring	26
Forfallet heldt fram	27
Historia gjentar seg	28
Grensen sin verneverdi	29
Kapittel 4: Konklusjon	30
Litteratur	31

Kapittel 1: Introduksjon

Bakgrunn for tema

Det nye bryter frem, og stykke for stykke går det gamle til grunde; jeg synes at høre braget og rammelen, nu hist, nu her – der bliver ikke engang tid til at få den gamle bygnings-skik fulstændigt afbildet, så efterslægten kan se, hvordan forfædrene have haft det på sine gårde og i sine huse.¹

Som det står i forordet fell denne oppgåva under den overordna kategorien bygningsvern. Ein sentral person i dette faget er Eilert Sundt. Det blir vist til hans arbeid i fleire bøker på pensum innan bygningsvern. Sitatet over illustrerer tydeleg utfordringane Sundt registrerte i siste halvdel av 1800-talet, og me står overfor liknande utfordringar i dag. Ofte blir verdien i eldre bygningar oversett, og dei må vike for å gje plass til nye bygningar. Slik kan blant anna kunnskap om korleis menneske budde før gå tapt.

Trondheim har ei lang historie med riving av eldre trehusbusetnad. Byarkivar Johan Løkhaug skildra det som «rivingsfeber» i 1970 som arkitekt Dag Kittang viser i *Trebyen Trondheim – modernisering og vern*. Han viser at sidan 1950-talet har det eldre stadig måtte vike for det moderne og funksjonalistiske.²

Om lag ti år etter at Eilert Sundt gav ut *Om bygnings-skikken på Landet i Norge* i 1862 blei dei første husa ført opp i Grensen i Trondheim.³ Nokre av desse husa har også gått tapt. Grensen har nyleg vore trua av ytterlegare riving på grunn av huseigar og nabo, NTNU sine planar om campussamanslåing. Trusselen om riving er ikkje lenger like aktuell fordi NTNU fekk mindre ressursar til prosjektet enn først antatt.⁴ Trehusmiljøet Grensen er likevel trua av forfall og av eventuelle nye campusprosjekt som kjem tett på, og slik forringer Grensen som kulturmiljø. Omgrepet *kulturmiljø* vil bli forklart i det følgjande.

¹ Eilert Sundt sitert i Christensen 1995: 6

² Kittang 2015: 105 og 109

³ Bell 1973: 55

⁴ Opheim 2021

Tema og problemstilling

Grensen har geografisk tett nærleik til NTNU og Høgskuleparken. Trehusmiljøet ligg under Hovudbygningen til Gløshaugen, eit av NTNU-campusane i Trondheim. Området ligg på venstre hand når du følgjer alléen i Høgskoleveien opp til Hovudbygningen, og på høgre hand når du køyrer på Christian Fredriks gate opp mot Idrettsbygget og resten av Gløshaugen. Grensen er eit samansett område som kan samanliknast med andre trehusmiljø i Trondheim, som til dømes Bakklandet eller Ilsvikøra. Grensen er ein del yngre, med dei første husa oppført på 1870-talet som nemnd innleiingsvis. Ilsvikøra fekk sine første hus i andre halvdel av 1700-talet, medan Bakklandet er eldst med dei første husa oppført på midten av 1600-talet. Felles for desse tre områda er at dei har tent som arbeidarbustader i starten av i levetida si.⁵ Reint utsjånadmessig kan husklyngene også minne om kvarandre.

I dag skil det meste av Grensen seg ut i forhold til Bakklandet og Ilsvikøra. Thingvallagården, også kalla Kråkeslottet på folkemunne, er unntaket der ein har sett høg verneverdi og vilje til å bruke pengar på opprusting. Bygningen blei nylig pussa opp for 85 millionar kroner. Utanom Thingvallagården er dei fleste bygningane som i dag utgjer trehusmiljøet Grensen, trua av forfall.⁶

Grensen kan sjåast på som eit kulturmiljø slik det står i lovverket, altså kulturminner som inngår som delar i ein større heilskap eller samanheng. Det går an å sjå på Grensen som eit kulturmiljø i seg sjølv, og berre rekne med bygningane frå 1800-talet. Området kan også sjåast i samanheng med Høgskuleparken og NTNU, og at denne samanhengen skaper kulturmiljøet. I begge tilfelle har kulturmiljøet endra karakter sidan dei første bygningane kom opp til i dag.

Grensen er prega av å vere inneklemt mellom Christian Fredriks gate og Høgskuleparken. For å illustrere denne «inneklekkinga» måtte faktisk hjørnet av Grensen nr. 10 kuttast for å ikkje kome i vegen for gateløpet.⁷ Grensen er også prega av den geografiske nærleiken til NTNU og Høgskuleparken. Dette har leia meg til følgjande problemstilling:

- Kva kulturminne eller kulturmiljø er Grensen?

⁵ Bratberg 2008: 68 og 256

⁶ Fortidsminneforeningen u.å.

⁷ Kværness et al. 2010: 93

Dette skal undersøkast ved hjelp av tre underproblemstillingar:

- Korleis har Grensa endra seg fysisk sett frå dei første husa kom opp til i dag?
- Korleis har Grensa blitt oppfatta sidan då?
- Kva har den nære plasseringa til NTNU og Høgskuleparken hatt å seie for Grensa?

Hospiteringa

I fire veker frå slutten av januar 2022 var eg på hospitering ved NTNU Universitetsbiblioteket sin filial på Dora 1 i Trondheim. Dora 1 og 2 er ubåtunkerane som blei bygd av tyskarane under andre verdskrig. Bygga i seg sjølv er imponerande, veggane er ein stad mellom to til fem meter tjukke.⁸ Det er rett og slett stilige bygg, samstundes som det er vanskeleg å unngå minna om dei alvorlege tilhøva dei blei reist under.

På starten av 2000-talet flytta Arkivsenteret inn her.⁹ I dag held blant anna Statsarkivet for Møre- og Romsdal, Trøndelag og Nordland til her. Det same gjer Trondheim Byarkiv, og Dorabiblioteket har eit magasin for heile NTNU Universitetsbiblioteket her. Der var ein medstudent og eg utplassert ved avdeling for arkiv og foto. Magasinet til NTNU Universitetsbibliotek inneheld blant anna arkivmateriale frå NTH og NTNU. Her fins gamle arkitektiplom- og oppmålingsteikningar, eksamenar frå mange studieretningar, skjønn- og faglitteratur, privatarkiv og fotografi med mykje meir.

Me blei sett i gong med ulike arbeidsoppgåver av dei NTNU-tilsette ved Dorabiblioteket. Blant anna pakka me om negativar på glasplater etter fotografen Fredrik Hilfling-Rasmussen, ofte berre kalla Hilfling. Han starta som fotograf i Trondheim i 1910. Mange av negativane etter han ligg framleis pakka ned i originale pappesker i dårlig stand. Ofte ligg glasplate mot glasplate. Vår jobb blei å pakke om ei og ei plate i eigna konvoluttar og merke dei med rett nummer i høve til transkripsjonen frå dei handskrivne protokollane til Hilfling. Det dukka opp mange spørsmål. Kontaktpersonen vår ved biblioteket, arkiv- og fotoansvarlig Erlend Lund, sjekka ulike opplysningar om personane på bilda opp mot det som står i protokollen. Den 2. februar undersøkte han ein sak for oss, og då viste det seg at nokre av bilda eg pakka om den dagen blei teke 2. februar 1918. Eg sat altså å kika på ein augneblink i livet til desse menneska nøyaktig 104 år seinare. Då gjekk det eit sus gjennom meg, det var ei spesiell oppleving. Det var i det heile svært interessant og givande å få innsikt i denne greina av arbeid innan kulturminneforvaltning.

Eg fann inspirasjon til denne oppgåva i magasinet på Dora. Trehusbygningane i Grensen har fascinert meg lenge. I mine auger har området potensiale til å bli ein flott del av byen, men

⁸ Grini 2015: 52

⁹ Bratberg 2008: 146

fleire av bygningane som utgjer Grensen står altså og forfell. På nettstaden *Gunnerus* er ein del av det digitaliserte innhaldet i Doramagasinet gjort tilgjengelig for publikum. Der fann eg det som heiter *Boligundersøkelse* frå 1950. Det blei eit startskot for denne oppgåva. Det er, som namnet fortel, ei undersøking av bustader, og i 1950 var turen kome til adresser i blant anna Grensen. Arkitektstudentar, leia av trondheimsarkitekten Sverre Pedersen, stod for oppmålingar av mange eldre bygningar i Midtbyen og omland.¹⁰ Undersøkingane av Grensen er fordelt på to hefter som inneheld fotografi, handteikna skisser og skriftlege skildringar av bustadane og menneska som budde der den gongen. Berre det eine heftet inneheld namn på studentane som stod bak. Det er usikkert om dei same seks studentane stod bak begge hefta om Grensen eller ikkje. Arbeidet fortel mykje om tida det er laga i, kva verdiar ein såg i området, og korleis ein den gongen forstod og oppfatta Grensen. I tillegg gir det god innsikt i korleis Grensen såg ut den gongen.

Frå magasinet på Dora har eg også nytta eit anna arbeid frå NTH. Det er ei avsluttande diplomoppgåve av arkitektstudent Asgeir Bell som blei levert våren 1973. Den heiter *Historiske trekk fra et eldre boligområde i Trondheim*, med undersøkingar av Vollan, Nedre Singsaker og Grensen. Som bustadundersøkinga fortel også denne oppgåva mykje om tida den er skriven i. Desse to kjeldene gir unike innblikk i omtale og forståing av Grensen på starten av 1950- og 1970-talet. Endringa i korleis ein har forstått og tenkt på Grensen blir tydeleg. Dei bidreg også til å belyse relasjonen mellom Grensen, NTNU og Høgskuleparken i samtida. I tillegg gir dei gode skildringar av korleis Grensen faktisk såg ut på tidene dei er skrivne i. Dermed er dei gode samanlikningsgrunnlag til korleis området ser ut i dag. Meir informasjon om desse to kjeldene og korleis eg har brukt dei i denne oppgåva blir skildra ytterligare i metodedelen.

Teori

Denne oppgåva skal undersøke kva for kulturminne eller kulturmiljø Grensen er. Definisjonen av kva eit kulturminne og kulturmiljø er finn ein i lovverket. Der kan ein lese at «Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til».¹¹ Ein forstår av dette at kulturminneomgrepet famnar svært vidt. Når det gjeld kulturmiljø held lovverket fram med å

¹⁰ Kittang 2015: 106 og 107

¹¹ Kulturminneloven 1978: §2

fortelje at «Med kulturmiljø menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng».¹² Med det i tankane forstår ein at Grensen kan sjåast på som eit kulturmiljø, både i seg sjølv, slik det er skildra innleiingsvis i denne oppgåva. Kulturmiljøet kan også vere Grensen saman med NTNU og Høgskuleparken.

For ein heilskapleg verdivurdering av bygningar som kulturminne og kulturmiljø, er generell kunnskap om til dømes materiale og stil gjennom tidene nødvendig. Ein treng også spesifikk kunnskap om bygningen eller bygningane og miljøet rundt. I tillegg vil *verneverdi* vere med å påverke meiningar og avgjersler.¹³ Verneverdi er ein subjektiv storleik som er vanskelig å definere. Synet på kva slags kulturminner ein har rekna for verdifulle, og korleis dei skulle takast vare på, har stadig utvikla seg fram til vår tid.¹⁴ Rådgjevar hjå Riksantikvaren, Dag Myklebust, seier det kontant med «Kulturminnevern er administrasjon av endring».¹⁵

Ein kan også sjå kontinuitet i synet på verneverdi. Harry Fett blei praktisk sett landets første riksantikvar i 1913. Embetet blei oppretta året før og Herman Major Schirmer blei først tilsett, men dø før han fekk tiltredd i jobben. Som riksantikvar tok Fett til orde for å auke vektlegginga av bruksverdien til bygningar som skulle vernast.¹⁶ Dette synet har halde seg fram til vår tid. Bruksverdi, saman med kunnskaps- og opplevingsverdi blir i dag knytt til verdivurdering av kulturminner og kulturmiljø.¹⁷ Det er skildra i den siste stortingsmeldinga på feltet, at eit mangfald av kulturmiljø skal ivaretakast som utgangspunkt for kunnskap, oppleving og bruk. Kulturmiljø blir her nytta som samleomgrep for kulturminner, kulturmiljø og landskap.¹⁸

Verneverdi er altså ein subjektiv storleik. Den kan variere i tid og ut i frå personane som vurderer. Det kjem tydelig fram i skjemaet som heiter *Verdisetting- og verdivekting av kulturminner* utvikla av Riksantikvaren. Det er eit verktøy til bruk under registrering av kulturminner. Det er utvikla for å systematisk kunne fange opp tankane om verdiar ein gjer seg, når ein vurderer kulturminner. Skjemaet famnar om både kva verdiar kulturminna har og kor store verdiane er. Skjemaet viser at verdiar ein finn i kulturminner kan knytast til dei tre

¹² Kulturminneloven 1978: §2

¹³ Kværness et al. 2010: 91

¹⁴ Gaukstad 2005: 130

¹⁵ Myklebust 2003: 9

¹⁶ Bye 2016: 122 og 123

¹⁷ Riksantikvaren u.å.

¹⁸ Meld. St. 16 (2019-2020): 7

forholda som er nemnd over: kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiar.¹⁹ Ein ser at den nemnde stortingsmeldinga er i tråd med denne forståinga.

Kunnskapsverdiar blir forklart med at kulturminner har spesiell betyding som kjelde til kunnskap om og forståing av fortida. Det følgjer ei lang rekke døme på ulike kunnskapsverdiar. Eit døme kan vere kunnskap om bygningshistorie. *Opplevingsverdiar* blir knytt til fellesskapet eller ulike grupper sine opplevingar i møte med kulturminner. Slik sett er denne verdien meir knytt til personleg meining enn kunnskapsverdiar. Opplevingsverdi blir då ein spesielt subjektiv storleik. Eit døme her kan vere arkitektonisk verdi. *Bruksverdiar* er når kulturminna kan knytast til vidare bruk eller endra bruk, og slik vere gjenstand for verdiauking. Eit døme kan vere næringsverdi.²⁰

Dei ulike verdiane som blir identifisert i kulturminner blir også vekta. Dette er til hjelp for å avgjere om kulturminnet er av liten, middels, stor eller svært stor verdi. Kriteria er ei liste med ni punkt som skal bidra til ein systematisk framgangsmåte i vurderingsarbeidet. Dette bidrar til å sikre innsyn og moglegheita for å etterprøve alle fasar av arbeidet med å vurdere verdien til kulturminner.²¹

Metode

For best mogleg å finne svar på problemstillinga er denne oppgåva utforma som ei kvalitativ oppgåve med tekst-, foto- og kartanalyse. Kvalitativ vil sei at oppgåva tar sikte på å fange opp meining og oppleving som ikkje eignar seg for talfesting eller måling.²²

Primærkjeldene som denne oppgåva baserer seg på, bustadundersøkinga frå 1950 og diplomoppgåva frå 1973 kan karakteriserast som historisk kjeldemateriale. Oppgåva kan dermed skildrast som ein historiefagleg analyse. Spesielt diplomoppgåva er nytta både som *leivning* og som *beretning*, som er ein måte å granske kjelder på innan historiefaget. «Leivningar er alt som er overlevert fra fortida», skriv professor i moderne historie, Knut Kjeldstadli. Han held fram med å forklare at leivningar blir kjelder for oss når me tar dei i bruk for å svare på spørsmål.²³ Diplomoppgåva *handlar* blant anna om den eldre historia til

¹⁹ Riksantikvaren u.å.

²⁰ Riksantikvaren u.å.

²¹ Riksantikvaren u.å.

²² Dalland 2020: 54

²³ Kjeldstadli 2019: 169

Grensen, men ho er ei *leivning* frå 1970-talet. I dette arbeidet er begge desse kvalitetane ved diplomoppgåva nytta.

Det same gjeld bustadundersøkinga frå 1950. Den er eit resultat av systematiske undersøkingar av bustader i området på oppdrag av professor i arkitektur, Sverre Pedersen. Frå åra før har ein bustadundersøkingar frå Bakklandet og Vollanbakken. Ein kan sjå for seg korleis studentane har bevegde seg sørvestover i terrenget, før turen altså var komen til bustadene i Grensen i 1950. Det blir sagt at Sverre Pedersen overførte sine sosiale haldningar til arbeidet sitt som professor i arkitektur. Han meinte blant anna at det var viktigare å fokusere på bustader for folk flest, framfor å byggje praktvillaer.²⁴ Dette er reflektert i arbeidet med bustadundersøkingane. Undersøkinga frå 1950 inneheld beretningar om bustadene på Grensen. Ho gir også innsikt i dei sosiale forholda til menneska som budde der. Studentane har ført statistikk over blant anna kor mange vaksne og born som delte bustad, storleiken på bustaden, kva yrke forsørgjaren i hushaldet hadde med meir. Dette ilag med andre skildringar og informasjon kan brukast for å sei noko om blant anna dei sosiale situasjonane til menneska i Grensen i 1950. Arbeidet fortel mykje om tilstanden til området og synet på bygningane på den tida.

Analyse av både tekst, fotografi og kart vore viktig for å kunne sei noko om korleis Grensen har endra seg fysisk sidan dei første husa blei bygd i 1872. Dette er ein form for landskapsanalyse. Ein fordel med den metoden er at den reduserer bruken av subjektiv tolking. Bilde og kart gir meir eller mindre pålitelige skildringar av korleis eit område har sett ut på gitte tidspunkt.²⁵ Trondheim Byarkiv har digitalisert og publisert ein del av sitt foto- og kartmateriale på nettstaden *Flickr*, som har vore til stor nytte i arbeidet med denne oppgåva. Fotografia på nettstaden *Norge i bilder* har også vore nyttige. Dette har fungert godt for å kunne analysere dei fysiske endringane som har skjedd i Grensen.

Som nemnd i skildringa av hospiteringstida starta arbeidet med søk på nettstaden *Gunnerus*. Eg søkte heilt enkelt på «Grensen» og «Trondheim», og fann fram til bilda og dei handteikna skissene frå bustadundersøkinga frå 1950. På det tidspunktet, i februar i år, var ikkje heile dette heftet digitalisert. Digitaliseringsarbeidet er noko dei tilsette ved Dorabiblioteket jobbar med kontinuerlig ved sida av alle andre arbeidsoppgåver. Bilda og skissene utløyste

²⁴ NTNU u.å.

²⁵ Grini 2015: 38

nysgjerrigheit hjå meg, og ønsket om å finne det fysiske heftet for å få meir informasjon om historia til Grensen. Saman med bilda og skissene er den fysiske plasseringa til materialet oppgitt. For ein utrent utøvar gir tilvisinga lite meining. NTNU Universitetsbiblioteket rår over meir enn 2500 hyllemeter med materiale ifølgje Erlend Lund, så ei kort innføring i korleis å navigere i magasinet var dermed heilt naudsynt. Gleda var stor då eg fann bustadundersøkinga etter noko leiting. Det var fascinerande å sitte med arbeid levert i 1950 av seks arkitektstudentar i hendene.

Eg returnerte til Dora i starten av april i år med ein avtale ved NTNU sin avdeling for Dokumentasjonsforvaltning som også held til der. Då fekk eg leite gjennom noko av den utgåande korrespondansen frå NTH i tida frå 1914-1920, då Høgskuleparken var i planleggingsfasen. Dette materiale er ikkje digitalisert. Eg leita gjennom både handskrivne og maskinskrivne brev. Dei maskinskrivne breva var lettast å lese, og grunna tid og kapasitet blei fokuset retta mot dei.

Oppbygging av oppgåva

Denne oppgåva har fire hovudkapittel. Kapittel 1 er som du allereie har lest ein introduksjon. Her har eg presentert tema, bakgrunnen for temaet og problemstillinga i oppgåva. Hospiteringa som er ein viktig del av dette emnet på kulturminneforvaltningsstudiet er også skildra i denne delen. Det same gjeld teorien og metoden som er brukt for å finne svar på problemstillinga. I kapittel 2 er byrjinga av historia til Grensen gjort reie for, dette gjeld opptakten til bygginga av dei første husa fram til etableringa av NTH. I det tredje kapittelet blir resten av historia til Grensen også framstilt kronologisk, saman med drøfting av endringar i Grensen, oppfatninga av området og kva relasjonen til NTNU og Høgskuleparken har hatt å sei. Dette skal bidra til å svare på kva for kulturminne eller kulturmiljø Grensen er. Desse to kapitla inneheld ei mengd figurar som viser blant anna bilde og kartutsnitt som supplement til teksten. I kapittel 4 kjem konklusjonane eg har kome fram til.

Kapittel 2: Etableringa av Grensen

Oppstykking av Elgeseter gard

Grensen er eit bustadområde i bydelen Elgeseter i Trondheim. Grensen har fått namnet sitt fordi området før 1892 låg akkurat utanfor bygrensa og var ein del av Strinda. Ein stein som markerte grensa mellom Trondheim og Strinda står der framleis i dag. Den står nedanfor Grensen som vist i figur 1. Den står framfor hovudbygningen til det som heiter Elgeseter gard, i krysset mellom Vollabakken og Klostergata.²⁶ Elgeseter gard er opphavet eller modergarden til alle bruk og all busetnad frå Singsaker og Gløshaugen i aust, Øya i vest og landskapet sør til Sluppen. Det var ein av dei største gardane i Strinda. På 17- og 1800-talet måtte jordbruksterreng gje tapt for eit Trondheim i stadig vekst. I løpet av ein periode på kring 40 år blei Elgeseter gard stykka opp i ei rekke lyst- og avlsgardar. Gløshaugen gard blei ein av desse.²⁷



Figur 1: Steinen som markerte grensa mellom Trondheim og Strinda, teke mai 2022. Grensen, Høgskolealléen og Hovudbygningen kan skimtas i bakgrunnen. Fotograf: Fredrik Schille.

²⁶ Bratberg 2008: 210

²⁷ Bell 1973: 23

Gløshaugen gard, delen som i dag er rekna under Gløshaugen Austre, blei skilt ut i 1799. I 1838 kjøpte Ole Sommervold garden. Ein trur Gløshaugenbygningane låg om lag der det vetle sveitserhuset ligg i dag, rett aust for Hovudbygningen til NTNU. I lag med eit veksande Trondheim, var også industrien på frammarsj og behovet for fleire sentrumsnære bustader meldte seg. Gardane Gløshaugen, Singsaker og Jonsløyka fekk mykje å seie for utbygginga i dette området.²⁸

I følgje diplomoppgåva til Asgeir Bell blei kjøpet av Gløshaugen moglegvis dyrt for Sommervold, for i 1863 måtte han starte utparselleringa.²⁹ Under Gløshaugen skal det ha vore ein plass som gjekk under namnet Stabells bygselplass, der ein Stabell skal ha fått feste på ei tomt tilbake i 1813. Dette festet opphøyrt på eit ukjent tidspunkt, men namnet hang framleis igjen ved skyldfordelingsforretninga av 1863. Då skal Sommervold ha busett seg på den «saakalte Stabelsplads». Hovudbruket, Gløshaugen Austre blei då seld til Nils Ylvisaker, medan Sommervold sat igjen med det som er skildra som forretninga sitt «hovudbruk», som seinare blei «Grændsen».³⁰ Grensen var altså opphavleg ein parsell, eit jordstykke, under Gløshaugen gard. Sommervold sitt «hovudbruk» blei sidan omtalt som Sommervold gard. Eigedomen hans var avgrensa i sør av ei linje frå Gløshaugveien (seinare endra til Høgskoleveien) ned til Helgeseter- eller Gløshaugbekken. Bekken er i dag erstatta med Klæbuveien som går over i Vollabakken. Eigedomen grensa mot Singsaker ved ein bekk som tidlegare rann også der, til nedst i Vollabakken.³¹

Utparselleringa starta først ved eigedomane til Sommervold i Vollabakken. I 1872-73 kom prosessen i gong i Grensen. Parsellane som seinare blei matrikulert til Grensen 13, 14, 15, 16, 17 og 18 blei då skilt ut. Dei første husa blei bygd her rundt 1872-73. Av desse er det berre nr. 13, 14 og 15 som framleis står i dag. Det var ikkje før i 1946 at parsellane blei matrikulert til Grensen. Før det blei dei omtalt med eigaren sitt namn som gard på eller under Sommervold.³² Denne husrekka, Grensen nr. 13-18, blei også kalla Makalausgrenda. Dette kallenamnet kom av Odin Sommervold, barnebarn av Ole, som blei kalla for Makalausen.³³ Om ein leiter opp Trondheim Byarkiv sine bilde på bildedelingsnettstaden *Flickr*, finn ein ei

²⁸ Kværness et al. 2010: 20

²⁹ Bell 1973: 27

³⁰ Kværness et al. 2010: 20, Bell 1973: 27

³¹ Bell 1973: 28

³² Kværness et al. 2010: 20

³³ Bell 1973: 28, Støren 1983: 204

enda meir detaljert forklaring på kallenamnet. Saman med eit eldre bilde av Grensen og Makalausgrenda som vist i figur 2, står det at Odin hadde for vane å respondere med «Ja, e det `itj makalaust» når han blei fortald noko oppsiktsvekkjande. Opphavet til denne informasjonen er ikkje oppgitt.




Figur 2: Makalausgrenda. Bilde henta frå Trondheim Byarkiv. Ukjent fotograf, ukjent år, men det er teke etter 1892 sidan Grensen 12 til høgre i bildet også er oppført.

Husa i Grensen

I diplomoppgåva si gjennomgår Bell bygningane i Grensen og korleis dei står i forhold til kvarandre. Han peiker på at dei første husa i Grensen, 1870-tals husa i Makalausgrenda, mest sannsynleg blei sett opp med omsyn til Ole Sommervold si eigedomsgrense. Trass i at Makalausgrenda ikkje hadde nokon tilknytning til anna bymessig busetnad, nytta ein prinsippa om utbygging slik dei gjaldt andre stader i byen. Sommervold var sannsynlegvis avhengig av inntektene som grunnleiga gav. Dermed var små og tettstilte gardar det mest gunstige. Dei neste bygningane kom til om lag tjue år seinare, på starten av 1890-talet. Som me kan sjå av figur 2 bryt desse med retninga til Makalausgrenda. Desse samsvarer i staden med nord-sør-retninga i landskapet.³⁴ Slik kan ein få nokre av dei same opplevingane ved å vandre i

³⁴ Bell 1973: 68, Kværness et al. 2010: 21

Grensen, som ein kan få når ein vandrar mellom husa i Iilsvikøra. Det er stadig nye hushjørne å runde, og ein kan undre seg over kva som ventur bak det neste.



Figur 3: Utsnitt av kart frå 1883. Grensen 13-18 er etablert som pila viser. Bilde henta frå Trondheim Byarkiv.

Etter Ole Sommervold sin bortgang gjekk Sommervoldgarden vidare til son hans, Espen Olaus. I 1875 selde han parsellen «Grændsen» vidare til ein snekker Strøm. Då blei husa på Stabells bygselplass flytta til ei tomt rett aust for Grensen 13, det som i dag er Christian Fredriks gate 15. Odin Sommervold, som hadde overteke garden frå faren Espen Olaus, selde den vidare i 1892. Den gjekk då til Henrik Eide for 7000 kroner, og sidan har Eideslekta budd i Sommervoldhuset.³⁵ Tre år før dette blei Grændsenparsellen delt i 12 parsellar, og altså utbygd i 1890-92.³⁶ Bustadområdet Grensen var dermed denne gongen på sitt største. Bygningane som står igjen i Grensen i dag har då sitt opphav frå 1870-talet. Vegen som går

³⁵ Bell 1973: 29

³⁶ Bell 1973: 58

langs Grensen i sør gjekk frå å heite Gløshaugveien til Høgskoleveien. Det namnet fekk den i 1903, i samband med planane om å byggje ein høgskule på Gløshaugenplataet. Bygningane i Grensen som hadde fasade ut mot vegen fekk då endra adresse til Høgskoleveien 2, 4, 6 og 8.³⁷ Dette inkluderer blant anna Thingvallgården.

Grensen var frå starten av eit komplekst område samansett av både gardshus og bustadhus. Thingvallgården skilte seg ut i sin sveitserstil. Bygningane peikte i ulike retningar slik blant anna figur 4 viser. Enno var det eit bustadområde som låg litt for seg sjølv rett utanfor bykjernen. Dette skulle snart endre seg.



Figur 4: Utsnitt av kart frå 1893, pila viser eit fullt utbygd Grensen. Bilde henta frå Trondheim Byarkiv.

³⁷ Kværness et al. 2010: 21

Kapittel 3: Frå etableringa av NTH til i dag

Ny, men for liten høgskule

Den andre store delen av garden Gløshaugen blei seld til ein Halvor Jensen på eit ukjent tidspunkt, og han dreiv garden fram til planlegginga av den nye høgskulen. Desse planane «utspilte Gløshauggårdens rolle» som Asgeir Bell skriv.³⁸ Den splitter nye høgskulen, Norges Tekniske Høgskole (NTH) stod altså klar i 1910 på Gløshaugenplatået, like over Grensen. Allereie då var bygningsmassen underdimensjonert for talet studentar som blei teke opp.³⁹ Behovet for utviding var til stades frå starten av.

Det blei tidleg bestemt at den nye høgskulen også skulle ha eit parkanlegg knytt til seg. Noko av den utgåande korrespondansen frå NTH kring planlegging av Høgskuleparken er undersøkt. I eit brev datert 4. oktober 1921 står det at komiteen («for Tilveierbringelse av en Parkplan rundt Norges tekniske Høiskole») og Herr Bygartner Marius Røhne frå Kristiania, var blitt einige om arealet for parken. Grensen er ikkje nemnd spesifikt, men det står at arealet blir avgrensa mot aust av «bebyggelsen mot Høiskolen».⁴⁰ Dette inkluderer busetnaden i Grensen. Grensen fekk med denne avgjersla spele på lag med den komande parken og den nye høgskulen. Byantikvaren viser også dette i ein kronikk frå 2019 der dei talar mot riving av Grensen:

Beliggenheten til Grensen-bebyggelsen var en viktig årsak til at Høgskoleveien ble ført i en buet trasé fra hovedbygningen og ned mot Klæbuveien. Det er samspillet mellom utsikten opp til Hovedbygningen, parken og høyskolealleens bue som skaper det utsynet som byplanlegenden Sir Raymond Unwin i 1935 under sitt trondheimsbesøk karakteriserte som A Grand Situation!⁴¹

Her blir det gode samspelet mellom Grensen, NTH og Høgskuleparken understreka. Det blei skapt ein heilskap mellom alle dei ulike delane. Ein kan sjå det på figur 5 som viser eit flyfoto over Elgeseter frå 1937. Skildringane i sitatet over er her tydelige, som Høgskoleveien i ein bua trasé. Fotografiet viser at Grensen var ein godt integrert del av Høgskuleparken gjennom blant anna tilplanting, alleear og vegar. Ein kan sjå at Makalausgrenda fått tre planta langs

³⁸ Bell 1973: 29

³⁹ Brandt og Nordal 2010: 101

⁴⁰ Arkivreferanse: Avdeling for dokumentasjonsforvaltning - NTNU

⁴¹ Bye og Håpnes 2019

heile oppsida mot Hovudbygningen. Grensen gjekk på denne tida frå å vere eit bustadområde som låg litt for seg sjølv, til å bli ein del av eit større miljø saman med NTH og Høgskuleparken. Denne endringa blir tydelig i figur 6 og 7 på neste side.



Figur 5: Utsnitt av flyfoto over Elgeseter 1937, henta frå nettstaden Norge i bilder.



Figur 6: Grensen til venstre med blant anna Thingvallgården. Gløshaugen før NTH midt i bildet. Teke ca. 1890-1900, fotograf Erik Olsen. Bilde henta frå Gunnerus.



Figur 7: Etter etableringa av NTH og Høgskuleparken. Ukjent år og fotograf. Bilde henta frå Gunnerus.

«Et trist syn!»

Då me kjem til 1950-talet ser ein at synet på Grensen har endra seg. Det ser ein av bustadundersøkinga frå 1950. Skildringane av området og bygningane er generelt lite positive. Det gjeld både skildringar av eksteriør og interiør. Skildringane vitnar om eit bustadområde i forfall.

Bruken av sarkasme blir godt lagt merke til første gong ein blar gjennom arbeidet.

Innleiingsvis står det at boka er tileigna hundane Chang og Putte, som studentane skildrar som «tragiske ofre for de trykkende boligforhold (jfr. hodeformen)». ⁴² Skildringa vitnar om bruk av humor i arbeidet, samstundes som synet på bustadene dei undersøkte kjem fram. Vidare finn ein skildringar som «De malingslitte vegger og gulv og de flekkete tapetene trakk i samme retning. Det hele ga uttrykk for sløvsinn og likegyldighet. Et trist syn!». Det kjem fram at her budde den tidlegare gardseigaren som var ei elde døv kvinne. På kjøkenet stod oppvask og hermetikkboksar som var rundt eit halvt år gamle. «(Meget verre enn på en studenthybel!)». ⁴³ Dette gjaldt leilegheita i Grensen 6B.

Kommentaren om forhold verre enn på ein studenthybel kan også tolkast som bruk av humor og sarkasme. Det kan tenkast at dette blei nytta for å ufarleggjere situasjonen, og for å skape ein noko lystig stemning. Tidvis inneheld bustadundersøkinga skildringar av svært uverdige livssituasjonar og levemåtar for menneska som budde der då, som forholda i Grensen 6B synte. I fleire tilfelle skildrar dei korleis mange menneske budde saman på små areal. I kjellarleilegheita i Grensen 6E budde til dømes eit ungt par med to små barn. Dei delte eit rom og kjøken. Bustaden er skildra som kald og rå, med mugg nedst på veggane. Fuktigheita førte til at borna blei sjuke kvar vinter. ⁴⁴ I Grensen 9E skildrar dei at fem personar delte ei leilegheit med eit rom i tillegg til kjøken. Dette var i ein loftsetasje, så storleiken på romma blei redusert av skråtak. ⁴⁵ Det er også skildringar av ein bustad som sikkert ikkje frå starten av var rekna som bustad for menneske. ⁴⁶ Slik budde altså menneska i Grensen, i Norge i ei ikkje så altfor fjern fortid.

⁴² Amundsen et al. 1950: 3

⁴³ Amundsen et al. 1950: 13

⁴⁴ Amundsen et al. 1950: 17

⁴⁵ Amundsen et al. 1950: 26

⁴⁶ Amundsen et al. 1950: 10

Dei noko nedlatande utsegna til studentane må også sjåast i lys av tida dei er skrivne i. Dette var ei tid då moglegvis berre «dei beste» borgarane kunne ta høgare utdanning. Det var viktige kulturelle faktorar som avgjorde kven som kom inn på høgskule og universitet. Ungdom med arbeidar-, bonde- og fiskarbakgrunn var underrepresentert.⁴⁷ Det kan tenkast at studentane bak arbeidet med bustadundersøkinga hadde lite kjennskap til arbeidarbustader frå før.

Dei var studentar av trondheimsarkitekten Sverre Pedersen. Kittang påpeiker motsetningane i Pedersen sitt arbeid. I 1911 gav Pedersen ut boka *Trøndersk Bygningskunst omkring 1800*. Han skreiv artiklar og heldt foredrag om verdien av denne bygningskunsten. Gjennom studentane sine stod han også for oppmålingar av slike bygningar. Bustadundersøkinga i Grensen viser at interessa også dekkja yngre trehusmiljø, då husa i Grensen på denne tida «berre» var kring 80 år gamle. Pedersen bidrog samstundes til utarbeiding av ein byplan for Midtbyen, som innebar riving av dei gamle bygningsmiljøa. Moderniseringsvilja begynte å få fotfeste i Trondheim på denne tida.⁴⁸

På tida då bustadundersøkinga fann stad hadde enda ikkje nokre av bygningane i Grensen blitt rive, men Makalausgrenda hadde altså stått i nesten 80 år. Statistikk ført i både bustadundersøkinga frå 1950, og i Bell sitt arbeid viser at størsteparten av bebuarane i Grensen var det som er omtalt som «lønnsarbeidare (arbeidsmenn)». Der var også industriarbeidarar og handverkarar.⁴⁹ Det kan tenkast at dei hadde få midlar til overs med tanke på vedlikehald og oppussing av busetnaden, og at eit visst forfall altså hadde starta slik ein får inntrykk av gjennom bustadundersøkinga.

Siktlinja


I bustadundersøkinga frå 1950 finn ein ei handteikna skisse og eit bilde som vist i figur 8 og 9. Desse viser siktlinja som byantikvaren skildrar i sitatet på side 18 i denne oppgåva. Det ser ut som teiknaren av skissa har stått om lag midt i Grensen vendt mot Makalausgrenda med Grensen 17 rett fram. Bakom der igjen ser ein trea som blei planta under utarbeidinga av Høgskuleparken og ein ser Hovudbygningen. Det kan også sjå ut som studentane har snudd seg om lag 180 grader og teke eit bilde i andre retninga. På figur 9 ser ein eit bilde også teke

⁴⁷ Stugu 2018: 221

⁴⁸ Kittang 2015: 107 og 105

⁴⁹ Bell 1973: 124

frå om lag midt i Grenden. Ein kan sjå Nidarosdomen og ein kan skimte Fosenfjella i bakgrunnen mellom husa. Figurane bidrar til å understreke samspelet mellom Grenden, NTH og Høgskuleparken. Spesielt i figur 8 ser det ut som Grenden, Hovudbygningen og Høgskuleparken utgjorde eit harmonisk og heilskapleg kulturmiljø.



Figur 8: Skisse frå bustadundersøkinga frå 1950. Det ser ut som teiknaren står om lag midt i Grenden og ser fram mot Grenden 17 og opp mot Hovudbygningen. Ukjent opphavsperson. Bilde henta frå Gunnerus.

Det svært samansette kulturmiljøet som var og er Grenden kjem godt fram i bustadundersøkinga. Det er blant anna interessant å lese at kjellarleilegheita i Grenden 6B tidlegare hadde tent som kolonialbutikk, slik studentane fortel.⁵⁰ Ved ein rask gjennomgang av oversikta studentane utarbeida over menneska som budde i Grenden, ser ein at det budde kring 200 menneske der i 1950. Trass i forfall og tronge kår for enkelte var det fleire som gav uttrykk for trivsel i Grenden, som til dømes enka som forberedte 75 årsdagen sin. Ho hadde

⁵⁰ Amundsen et al. 1950: 17

budd i Grensen 10B i nærare 20 år og likte seg godt.⁵¹ Thingvallgården er skildra som området sitt monumentalbygg, men ikkje i positive ordelag. Trehuset fekk namnet «Kråkereiret» og er skildra som «...strøkets monumental bygg i verste schveirserstil». Dette står i sterk kontrast til korleis ein seinare skulle kome til å sjå på Thingvallgården.



Figur 9: Bilde frå bustadundersøkinga frå 1950. Utsikt frå Grensen mot Midtbyen med Nidarosdomen og Fosenfjella i bakgrunnen. Ukjent fotograf. Bilde henta frå Gunnerus.

Saneringsvedtak


Behovet for ein større høgskule var framleis til stades slik det er forklart i byrjinga av dette kapitlet. Den nye høgskulen hadde vore for liten frå starten av. I midten av 1960-åra blei det vedteke at heile området Vollan, Nedre Singsakerslette og Grensen skulle sanerast i samband med ein planlagt utviding av NTH.⁵² Grensen blei no negativt påverka av sin nære plassering til NTH. Kittang forklarar at sanering var eit sentralt omgrep innan byutvikling i etterkrigstida. Ordet kjem av «å gjere sunn», men har i praksis blitt synonymt med riving og nybygging.⁵³ Ekspropriasjonen, som vil seie tvang til å gje i frå seg eigedomsrett mot full

⁵¹ Amundsen et al. 1950: 30

⁵² Kværness et al. 2010: 22

⁵³ Kittang 2015: 74

erstatning⁵⁴, starta på byrjinga av 1960-talet. Området hadde inntil då blitt rekna som idyllisk, ifølgje Helge Bjørkø i eit innlegg i arkitekttidsskriftet *Byggekunst* frå 1972. Dette strider rett nok mot nokre av skildringane i bustadundersøkinga frå 1950. At bustadområdet blei rekna som idyllisk verkar som innstillinga i 1972. Motstanden mot ekspropriasjon var iallfall stor, men førte ikkje fram.⁵⁵ NTH kjøpte opp det meste av Gvensen. Unntaka var Gvensen 10 og 13, Høgskoleveien 6 og Christian Fredriks gate 15 som vist i figur 10.⁵⁶ Bustadbyggjarlaget TOBB fekk ansvar for å flytte ut dei dåverande bebuarane av Gvensen og forvalte området. Studentar fekk flytte inn på korttidskontraktar.⁵⁷



Figur 10: Oversikt over NTNU sine eigedomar i Gvensen. Bilde lånt frå masteroppgåva Thingvalla teller frå 2010.

Då løyver frå Stortinget mangla, blei utbygginga av det som skulle bli den nye arkitektavdelinga til NTH utsett i 1970. No hadde ein ikkje konkrete planar for utbygging i området, men forslumminga på grunn av manglande vedlikehald, heldt likevel fram som før.⁵⁸ Synet som hadde etablert seg, altså at Gvensen var lite verneverdig, heldt seg gjeldande. Området skulle snart endre karakter, dei første husa blei rivne på 1960-talet.⁵⁹ Endringane hadde direkte samanheng med Gvensen sin relasjon til NTH og Høgskuleparken.

⁵⁴ «Ekspropriasjon» 2022

⁵⁵ Bjørkø 1972: 5

⁵⁶ Kværness et al. 2010: 22

⁵⁷ Bjørkø 1972: 5

⁵⁸ Kværness et al. 2010: 22

⁵⁹ Bell 1973: 148

Frå riving til bevaring

I februar 1971 sendte det som heitte Aksjonskomitéen krav til NTH om garanti for at området Korsgata, Vollabakken, Singsakerbakken og Grensen skulle bevarast uendra som bustadområde i fem år. Det blei arrangert dugnad for å rydde området og fjerne søppel. Høgskoleveien 8 lét seg likevel ikkje redde. Som Bjørkø skriv, blei bustaden riven i november 1971. Dei siste som budde der lovlig flytta ut i midten av november det året. Nye personar fekk ikkje flytte inn, trass i at TOBB visstnok hadde lange lister med folk som stod utan bustad. Månaden før blei velforeininga Uredd stifta, med same formål som Aksjonskomitéen, «å bevare strøket som boligområde». Velforeininga organiserte det slik at tre familiar og ei einsleg mor kunne flytte inn, med informasjon om at det var ulovleg. Bustaden blei pussa opp på dugnad, og den første personen flytta inn 24. november. Dagen etterpå møtte rivarar eskortert av 17-18 konstablar og fire hundar. Dei fjerna bevaringsaksjonistar, og rivarar øydela huset på kort tid.⁶⁰ Hendinga er skildra fleire stader i litteraturen, og ho er rekna blant dei hardaste, direkte konfrontasjonane i Trondheim si historie mellom myndigheiter og venstreorienterte miljøaktivistar.⁶¹

Grensen nr. 17 og 18 blei i følgje Bell rivne nokre år før, i 1966-67, av huseigar NTH.⁶² Han nemner ikkje endringar med Grensen 16 i arbeidet sitt. Av det kan ein konkludere at dette huset framleis stod då Bell leverte arbeidet i mai 1973. Trondheim Byarkiv har digitalisert eit kart frå 1976 der Grensen 16 er borte som vist i figur 11. Grensen 16 blei altså rive ein stad mellom 1973 og 1976. Det er ikkje kome nye bygg på nokon av desse tomtene. Dei andre bustadene som er nemnd står framleis og utgjer trehusmiljøet Grensen i dag.

Dei ti åra frå 1966 til 1976 var ein periode då Grensen endra karakter i stor grad som følgje av rivingar. Dette var også ei tid der trenden utvikla seg frå einseitig saneringstankegang, til eit meir komplekst syn på utbyggingsmønster i urbane område. Denne utviklinga var ikkje avgrensa til Trondheim. Den nemnde utgåva av arkitekttidsskriftet *Byggekunst* hadde byfornyng som tema i dette nummeret som kom ut i 1972.⁶³ I diplomoppgåva si frå året etter er Bell tydelig i sin konklusjon om at områda han skildrar må bevarast som bustadområder «der all annen aktivitet underordnes denne primærfunksjon.»⁶⁴ Opinionsen nådde Stortinget

⁶⁰ Bjørkø 1972: 5


⁶¹ Stugu 1997: 167

⁶² Bell 1973: 148

⁶³ Stugu 1997: 169

⁶⁴ Bell 1973: 167

som i 1976 vedtok ei ny lov om fornying i tettbygde strøk, som erstatta saneringslova av 1967.⁶⁵ Den nye orienteringa kan illustrerast med kartet frå 1976 i figur 10, som viste at Grensen 16 var rive. Kartet var nemleg ein oversikt over områder i Trondheim ein den gongen rekna som verneverdige.



Figur 10: Utsnitt av NTH, Høgskuleparken og Grensen frå kart over det ein rekna som verneverdige område i Trondheim, 1976. Den grønne streken markerer grensa for park og friområde med fredningsverdi. Pila peiker på området der Grensen 16-18 stod. Bilde henta frå Trondheim Byarkiv.

Forfallet heldt fram

I 1982 blei det vedteke ein disposisjonsplan av NTNU der ein foreslo å tilbakeføre Korsgata- og Vollabakkenområdet til bustadområde. Kittang viser til dette i doktorgradavhandlinga si frå 2006 som var utgangspunkt for boka *Trebyen Trondheim*. Han viser at på 1980-talet rekna

⁶⁵ Stugu 1997: 169

ein 15 år med unødvendig forfall som over. Unødvendig hadde også rivinga av bygningar, utkastning og fråflytting av bebuarar vore. Restane av eit historisk trehusmiljø var sikra for ettertida. Kittang held fram med å fortelje at NTNU selde området vidare få år før han skreiv doktorgradsavhandlinga, og at området på den tida var rehabilitert og bygd ut til eit attraktivt bustadområde.⁶⁶ Dette gjaldt altså Korsgata- og Vollarbakkenområdet, og det stemmer godt overeins med slik Korsgata og Vollarbakken ser ut i dag også. Det same kan ikkje seiast for Grensen. Det har ikkje blitt rive fleire bygningar i Grensen sidan 1970-talet, men området har fått lov å forfalle. Fleire av bustadane står tomme, noko dei ber preg av. Det hadde med andre ord konsekvensar for Grensen at det ikkje blei inkludert i disposisjonsplanen frå 1982.

Positive endringar skulle likevel kome til å skje i Grensen også. I 2014 kom arbeidet med å pusse opp Thingvallagården i gong. Endringa i synet på denne bygninga i Grensen er interessant å observere. Trehuset har gått frå å bli skildra som eit bygg i «verste schweiserstil» i 1950, til å bli pussa opp for 85 millionar kroner på 2010-talet. Oppussingsarbeidet støtta seg ein del på masteroppgåva til tre arkitektstudentar ved NTNU levert i 2010. Arbeidet deira viste korleis Thingvallagården kunne bli pussa opp på ein miljøvennleg måte, samstundes som kulturarven blei bevart.⁶⁷ Situasjonen for resten av bygningane som utgjer Grensen er uendra.

Historia gjentar seg

Situasjonen for Grensen er ikkje så ulik i dag, som den var på 1960- og 70-talet. No ligg det føre planar for å slå saman fleire av dei ulike NTNU-campusane i Trondheim.

Gløshaugenplatået er staden dei skal samlast på, og Grensen har atter vore trua av riving, sjølv om planane er lagt på is for augneblinken. Ein ser dømer på at verdien til trehusmiljøet Grensen ikkje blir nemnd med eit ord av tilhengjarar av riving. Siktlinja frå Hovudbygningen til Nidarosdomen blir nemnd, og det blir forsikra om at denne skal ivaretakast.⁶⁸ Framleis ønsker ein at arkitektstudentar skal halde til på området der Grensen står i dag. Der er det planlagt eit KAMD-senter, altså senter for kunst, arkitektur, musikk og design.⁶⁹

⁶⁶ Kittang 2006: 220

⁶⁷ Sivertstøl 2015

⁶⁸ Børresen og Shetelig 2019

⁶⁹ Fortidsminneforeningen, u.å.

Igjen har motstanden mot riving og for bevaring av Grensen vore stor, med engasjement frå mange hald. Universitetsavisa, utgitt av NTNU, rapporterte frå ein aksjon i april 2019. Den var leia av lokallaget til Fortidsminneforeninga. Dagens bebuarar (i dei delane som er eigna til å bu i) i Grensen var blant dei som møtte opp. Der var også naboar, aksjonistar som kjempa for Bakklandet og mot motorvegbygging på 1970-talet og NTNU-tilsette.⁷⁰

Paradokset med at nettopp arkitekt- og kunsthistoriestudentar skal flytte inn på eit område der ein først har tenkt å rive Grensen har blitt påpeika av fleire. Kunsthistorikar Margrethe Stang ved NTNU, uttalte det på spørsmål frå Universitetsavisa under aksjonen nemnd over. Det er paradoksalt at ein skal lære dagens studentar om verdien av bygningsmiljø, og at dei må lære av historia⁷¹, medan ein planlegg campussamanslåing stikk i strid med nettopp dette.

Grensen sin verneverdi

Den faktiske utviklinga i Grensen i løpet av dei siste tiåra samsvarar ikkje med verdiane som kan identifiserast der slik ein ser det i dag. Om ein nyttar Riksantikvaren sitt verdisettingsskjema finn ein korleis Grensen kan vere utgangspunkt for verdier knytt til kunnskap, opplevingar og bruk. Bygningane er gode kjelder til kunnskap om bygnings- og stilhistorie. Det bur familiar der i dag som har hatt huset sitt i eige sidan utskillinga i 1892.⁷² Grensen kan unektelig gje dei ei oppleving av tilhøyring. For mange andre kan Grensen vere utgangspunkt for arkitektoniske verdier, samt opplevingar av undring og nysgjerrighet. Fleire fagfolk har påpeika at om forfallet blir stoppa, er det framleis mogleg å restaurere busetnaden i Grensen.⁷³ Grensen kan då atter brukast som eit attraktivt bustadområde. Her kan også bli til dømes kafé- og restaurantverksemd. Det kan bli ein oase, slik sosiologiprofessor ved NTNU, Aksel Tjora har uttalt.⁷⁴

⁷⁰ Mikkelsen 2019

⁷¹ Mikkelsen 2019

⁷² Opheim 2019

⁷³ Bye og Håpnes 2019, Ness og Opheim 2022

⁷⁴ Mikkelsen 2022

Kapittel 4: Konklusjon

Grensen har endra seg fysisk med totalt fire rivne bygningar og forfall. Før rivingane var det eit tettbygd område. Statistikkane i bustadundersøkinga frå 1950 viser at kring 200 menneske budde der på den tida. Med tida blei bebuarane i Grensen færre. Forfallet som var i gong på 1950-talet heldt fram. Ikkje før på 2010-talet skjedde det nye større fysiske endringar med oppussinga av Thingvallagården.

Synet på Grensen har utvikla seg sidan dei første husa blei bygd på starten av 1870-talet. Verneverdien har då også endra seg, slik verneverdi plar gjer med tida og med menneska som vurderer. Området blei på 1920-talet sett på som ein verdig lagspelar til Høgskuleparken som ein tilpassa med blant anna den bua høgskulealléen. På 1950-talet hadde forfallet av området utvikla seg, og bustadundersøkinga syner at området blei oppfatta som fattigslig og lite verneverdig. Dette synet blei utfordra av aktivistar på 1970-talet som kjempa mot riving. Kampen kan vurderast som vellukka iallfall på kort sikt, mesteparten av dei opphavlege husa som utgjorde Grensen har overlevd i rundt 150 år. På lang sikt ser ein likevel framleis forfall.

Den tette plasseringa til NTNU og Høgskuleparken har påverka Grensen på godt og vondt. Det er under gamle NTH sitt eigarskap at rivingar har funne stad på Grensen. Det er også under NTNU sitt eigarskap at Thingvallagården har blitt pussa opp. Fleire stemmer innan NTNU har vore tydelige i sitt forsvar av Grensen som denne oppgåva har vist.

Grensen er eit samansett kulturminne og kulturmiljø. Det er eit verdifullt kulturmiljø i seg sjølv om ein avgrensar det til å berre gjelde trehusa frå 1800-talet. Det er også eit verdifullt kulturmiljø som spelar godt i lag med dei andre delane av miljøet, Hovudbygningen til NTNU og Høgskuleparken. Byantikvaren oppsummerar det tydelig i kronikken frå 2019: «De gamle trehusene utgjør sammen med hagene, trærne og de små gatene et samlet og helhetlig kulturmiljø, tilnærmet komplett og uten forstyrrende brudd.»⁷⁵

Eilert Sundt sitt hjartesukk over samtida i 1862 burde ikkje vere aktuelt også eitt hundre og seksti år seinare. Bodskapen som er tagga på sørveggen til Grensen 15 bør gjelde: «Respekter Grensen!»

⁷⁵ Bye og Håpnes 2019

Litteratur

- Amundsen, Å., Amundsen, H., Andersen, J. L., Andersen, K-H., Bauck, J. og Askeland, A. (1950). *Boligundersøkelse*. Gunnerus – Spesialsamlinger ved NTNU Universitetsbiblioteket (Tek-0028 Sverre Pedersen; Tek-0028-Ms-SP-0541-24). Doramagasinet, Trondheim.
<https://ntnu.tind.io/record/326865?ln=no#?c=0&m=0&s=0&cv=0&r=0&xywh=-1337%2C0%2C6576%2C4960> og
<https://ntnu.tind.io/record/326862#?c=0&m=0&s=0&cv=0&r=0&xywh=-1319%2C-1%2C6531%2C4927>
- Bell, A. (1973). *Historiske trekk fra et eldre boligområde i Trondheim – Vollan, Nedre Singsaker, Grensen*. Gunnerus – Spesialsamlinger ved NTNU Universitetsbiblioteket. Doramagasinet, Trondheim.
- Bjørkø, H. (1972). Historien om saneringsprosessen i området Korsgata – Volla bakken – Singsakerbakken – Grensen. *Byggekunst*, 54(1), 5.
<https://www.nb.no/items/06375b32a3d71e0176a931706820d4c3?page=0&searchText=helge%20bjorko>
- Brandt, T. og Nordal, O. (2010). *Turbulens og tankekraft – Historien om NTNU*. Pax Forlag.
- Bratberg, T. T. V. (2008). *Trondheim byleksikon*. Kunnskapsforlaget.
- Bye, M. (2016). Kildeverdi og identitet: Om bygningsvernets verdigrunnlag i et historisk perspektiv. *Heimen*, 53(2): 115-134. Doi: 10.18261.
- Bye, M. og Håpnes, R. Å. (2019, 2. april). Grensen har krav på bevaring i sin helhet. *Adresseavisa*.
<https://www.midtnorskdebatt.no/meninger/kronikker/2019/04/02/Grensen-har-krav-pa-bevaring-i-sin-helhet-18775558.ece>
- Børresen, A. K. og Shetelig, F. (2019, 8. februar). Byintegrert campus krever riving. *Adresseavisa*.
<https://www.midtnorskdebatt.no/meninger/kronikker/2019/02/08/Byintegrert-campus-krever-riving-18423130.ece>
- Christensen, A. L. (1995). *Den norske byggeskikken – hus og bolig på landsbygda frå middelalder til vår egen tid*. Pax Forlag.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utgåve). Gyldendal Forlag.
- Falkanger, T. & Reusch, M. (2022, 16. februar). Ekpropriasjon. I *Store norske leksikon*.
<https://snl.no/ekspropriasjon>
- Fortidsminneforeningen (u.å.). *Trehusmiljøet Grensen, Trondheim*.

<https://fortidsminneforeningen.no/verneaktivisme/rodlista/trehusmiljoet-grensen-trondheim/>

- Gaukstad, E. (2005). Fra antikvarisk interesse til en egen forvaltning. I J. Holme (Red.), *Kulturminnevern: lov, forvaltning, håndhevelse*. (2. utgåve, bind I, s. 130-135). Økokrim.
- Grini, K. E. (2015). *Ubåtbasen Dora i Trondheim. Fra krig til kultur. En samtidsarkeologisk analyse av krigens landskap inn i fredstid*. [Masteroppgåve, Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet].
[https://www.academia.edu/11616948/Ubåtbasen Dora i Trondheim En samtidsarkeologisk analyse av krigens landskap inn i fredstid](https://www.academia.edu/11616948/Ubåtbasen_Dora_i_Trondheim_En_samtidsarkeologisk_analyse_av_krigens_landskap_inn_i_fredstid)
- Kittang, D. (2006). *Trebyen Trondheim – forvitring og fornying: ein studie av ein byplandiskurs*. [Doktorgradsavhandling]. Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet.
- Kittang, D. (2015). *Trebyen Trondheim – modernisering og vern: ein studie av byplandebatten 1960-2005*. Fagbokforlaget.
- Kjeldstadli, K. (2019). *Fortida er ikke hva den engang var – en innføring i historiefaget*. (2. utgåve). Universitetsforlaget.
- Kulturminneloven. (1978). *Lov om kulturminner (LOV-1978-06-09-50)*. Lovdata.
<https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/1978-06-09-50?searchResultContent=1419&rowNumber=1&totalHits=835>
- Kværness, L. M. N., Rokseth, L. S. og Ygre, K. F. (2010). *Thingvalla teller*. [Masteroppgåve]. Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet.
<https://www.byggogbevar.no/media/1208/thingvallateller.pdf>
- Mikkelsen, S. (2019, 23. april). Humørfylt markering for Grensen. *Universitetsavisa*.
<https://www.universitetsavisa.no/politikk/humorfylt-markering-for-grensen/121521>
- Mikkelsen, S. (2022, 25. januar). – Grensen kan bli NTNUs oase. *Universitetsavisa*.
<https://www.universitetsavisa.no/aksel-tjora-anne-borg-frank-arntsen/grensen-kan-bli-ntnus-oase/206372>
- Meld. St. 16 (2019-2020). *Nye mål i kulturmiljøpolitikken: Engasjement, bærekraft og mangfold*. Klima- og miljødepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/35b42a6383f442b4b501de0665ec8fcf/no/pdfs/stm201920200016000dddpdfs.pdf>
- Myklebust, D. (2003). Kulturminnevernets begrunnelse – en pest eller rett og slett bare en

- plage? I E. Seip (Red.), Verneideologi, *NIKU Tema*, 5, 7-19.
<https://niku.brage.unit.no/niku-xmllui/bitstream/handle/11250/2562126/NIKUTema5.pdf?sequence=1>
- Ness, R. P. og Opheim, A. (2022, 23. januar). – Dette skulle rives – morsomt å se at det er så vellykket 50 år etter. *Adresseavisa*.
<https://www.adressa.no/pluss/magasin/2022/01/23/Dette-skulle-rives-morsomt-a-se-at-det-er-sa-vellykket-50-ar-etter-25001808.ece>
- NTNU (u.å.). *Arkitekt og byplanlegger Sverre Pedersens privatarkiv*.
<https://www.ntnu.no/ub/spesialsamlinger/norges-dokumentarv/sverre-pedersens-privatarkiv>
- Opheim, A. (2021, 14. september). NTNU skulle rive huset deres, men så skjedde det noe. *Adresseavisa*.
<https://www.adressa.no/pluss/nyheter/2021/09/14/NTNU-skulle-rive-huset-deres-men-sa-skjedde-det-noe-24579876.ece>
- Riksantikvaren, (u.å.). *Verdisetting og verdivekting av kulturminner* [Skjema]. Direktoratet for kulturminneforvaltning.
https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/02/Veileder_verdisetting.pdf
- Sivertstøl, A. (2015, 5. februar). Kråkeslottet reddet i siste liten. *Adresseavisa*.
<https://www.adressa.no/pluss/nyheter/article10578606.ece?rs8518501652127007999&t=1>
- Stugu, O. S. (1997). *Trondheims historie 997-1997: Bd. 6. Kunnskapsbyen 1964-1997*. Universitetsforlaget.
- Stugu, O. S. (2018). *Norsk historie etter 1905 – vegen mot velstandslandet*. (2. utg.). Samlaget.
- Støren, W. K. (1983). *Sted og navn i Trondheim: et topografisk-historisk leksikon: omfatter de gamle bydeler, Bymarka og det gamle Lade sokn*. Brun Forlag.
<https://www.nb.no/nbsok/nb/37628894c539ed0f64e95d24d12f7bc2?lang=no#207>

